



Reidar Haukeland

Vetåsg. 75

5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/644 - 14/7404

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

28.06.2014

## Byggesak Gnr 84/7 og 16 Haukeland søndre - endring av gitt løyve kai - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 148/2014

Delegeret vedtak etter plan- og bygningslova § 20-2

**Adresse** : Haukeland Søndre, Haukelandsvika

**Tiltakshavar** : Reidar Haukeland

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve i samband med utviding av kai på eigedom gnr. 84 bnr. 16 Haukeland Søndre.

Det er i sak 212/13 datert 24.06.13 gjeve løyve til:

*Oppføring av plattin m/kaifront, to gangvegar samt heving av naust på eigedom gbnr. 84/7 og 16 Haukeland Søndre. Det er i søknaden opplyst at på bnr. 7 skal naustet hevast 0,5 m, samt at gangveg med 1,25 m bredde langs naustet skal opparbeidast. Det vert også laga treplattin mot syd 4x8 m pluss flytebryggje frå nes 2x5 m. På bnr.16 vert det opparbeida gangveg langs naustet mot vest med 1,25 m bredde, samt flytebryggje mot syd.*

Det vert no søkt om å få løyve til å få utvida eksisterande kai med 2.5 meter lengde og 1.25 meter breidde.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.06.14.

### Saksutgreiing:

## **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område, samt innafor strandsona.

## **Dispensasjon**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk fatta vedtak 07.05.14. om å gje dispensasjon frå arealformål og strandsone som omsøkt på gbnr.84/7 og 16 med følgjande vedtak:

### **PLT-031/2014 VEDTAK:**

*....Det vert gjeve dispensasjon for følgjande tiltak: Utviding av eksisterande kai på følgjande vilkår:  
Kaien kan ha ein storleik av inn til 2,5 meter lengde og 1,25 meter bredde.  
Kaien skal plasserast i same høgde som eksisterande kai og utførast i same material.  
Endeleg utforming vert å godkjenne i byggesaka.  
Det må ligge føre løyve frå Bergen og Omland hamnevesen etter hamne- og farvasslova før arbeidet  
det vert gjeve løyve til tiltak.*

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo

## **Plassering/terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering. Det er ikkje søkt om terrenghendringar, byggjesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrenghendringar.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehavar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.06.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

## **VURDERING:**

### **Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla

belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2d jf. byggesaksforskrifta § 3-1 vert det GODKJENT utviding av eksisterande kai som vist i søknad av 18.06.14. på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd føresegner gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner, jf. plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Tiltaket skal godkjennast av Bergen og Omland Havnevesen.
4. Vilkår gjeve i dispensasjon vedtak 031/2014, datert 07.05.14. skal etterkomast.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

#### **Klage**

Enkeltvedtak kan etter forvaltningslova klagast på innan tre veker frå mottak, jf forvaltningslova § 29. Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Ein klage kan føre til at vedtaket vert gjort om. Radøy kommune er ikkje ansvarleg for tap som tiltakshavar lir på grunn av omgjering.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

#### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	2 600,00
<b>SUM</b>		kr	<b>2 600,00</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomta skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

**Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/644

## Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakere:

Reidar Haukeland

Vetåsg. 75

5938

SÆBØVÅGEN